



Storelva i Festvåg

Befaringsrapport frå Storelva den 5. august 2009 av Sveinung Bertnes Råheim.

Storelva vart befart i som del av førebuing til besøk av Miljøvernminister Erik Solheim den påfølgjande dagen.

Grunnlagsmateriale var elvemuslingsrapporten til Lisbeth Jørgensen og Morten Halvorsen frå 2009 og Naturtypekartlegginga til Bodø kommune frå 2004.

Storelva har tidvis stor tettleik av elvemusling.

Mørk raud strek på kartet viser den delen av elva der det er størst tettleik.

Lys raud strek viser strekning med meir spredte forekomstar.

Det ser ut til å vere utforming av elva som avgrensar mengdene her, så fort egna substrat og utforming er tilstades finn ein koloniar av elvemusling.

Strekninga over det store vandringshinderet er ikkje befart. Ifølge naturtyperapporten til Bodø kommune skal det vere elvemusling også der.